



Statens vegvesen Region Vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1018 - 19/18537

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:  
23.09.2019

## Høyring - Særskilt fartsgrense 50 km/t og 30 km/t - Kv2137 Fureskjeggvegen, Meland kommune

Meland kommune har motteke innspel om å skilte 1256 Kv2137 Fureskjeggvegen med 50 km/t og 30 km/t etter vedlagte kartskisse. Fartsgrensa i vegen er 50 km/t. Det er spredtbygd strøk på begge sidar av vegen. Vegen er og ein del av ein populær tursti som er mykje brukt av bebuare frå eit bustadfelt i nærleiken.

Fureskjeggvegen er ca 870 m lang med smal vegbreidde på ca 3 m det meste av vegen. Vegen er tilkomstveg til bebuarar og tilkomstveg til transport med skulebuss for dei skuleborna som bur på Fureskjegget, opp til fylkesvegen FV5310. Det er veglys frå og med krysset Fv5310 hp1 m5248 og Kv2137 hp1 m0 til Kv2137 hp1 m352, der den kommunale vegen møter privat veg, Pv98839 hp1 m0.

Meland kommune vurderar det slik at vegen bør skiltast 50 km/t frå 1256 Kv2137 hp1 m0 til hp1 m700. Vidare vurderar kommunen at det bør skiltast 30 km/t frå Kv2137 hp1 m701 til hp1 m867. Den siste delen av Fureskjeggsvegen går i ein krapp sving og deretter i ein rett strekning der enkelte kjøyrande har hatt ein tendens til å setja opp farten ned mot kaiområdet. På denne siste delen finst der eit gårdstun, GBNR. 40/7, der Fureskjeggvegen går mellom bustadhuset og driftsbygningane. Her er det ferdsel til fots tvers over vegen. Her er og ferdsel med kjøretøy over vegen på to stader; mellom bustadhuset og driftsbygningane og til veg inn i innmark.

Skiltinga er vist i vedlagte kartskisse med skiltplan.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ber vi om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale er satt til 17.10.2019.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Astrid Riise  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kartskisse Kv2137 Fureskjegget

**Mottakere:**

Statens vegvesen Region Vest  
Vest politidistrikt

Postboks 43  
Postboks 85

6861  
6901

LEIKANGER  
FLORØ